




Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Vår dato: 05.08.2020  
Vår ref: 2020/11165  
  
Dykkar dato: 09.07.2020  
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 214/125 - Fyllingsnes - oppføring av naust - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 09.07.2020. Saken gjeld søknad om dispensasjon frå arealformålet LNF i kommunedelplanen for Lindås og frå byggeforbodet i strandsona for oppføring av naust på gnr. 214 bnr. 125.



### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.



Tidlegare Lindås kommune ligg i sone to i Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, der arealpresset er stort. Vi viser til Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) der det mellom anna står:

*«Det er et nasjonalt mål at strandsonen skal bevares som natur- og friluftsområde tilgjengelig for alle. Regjeringen ønsker en strengere og mer langsiktig strandsoneforvaltning. Det er derfor nødvendig med en streng praksis ved behandlingen av dispensasjoner i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbudet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjøen veier tungt. Det skal svært mye til før dispensasjon kan gis til bygging her, spesielt i områder med stort utbyggingspress».*

Fylkesmannen si vurdering er at det her er snakk om nedbygging av tilgjengeleg strandsone, som i dag kan nyttast av allmenta. Eit nytt naust vil auke privatiseringa av området. Dette er også eit strekk av strandsona, på om lag 200 meter, med få inngrep. Det omsøkte naustet vil splitte opp dette strekket. Det vil føre til punktering av landskapet og kan auke presset på strandsona ytterlegare i området.

Fyllingsnes ligg om lag 10 min køyring frå Knarvik og må reknast som eit område med stor press på strandsona. Faren for å undergrave kommuneplanen som styringsverktøy er slik vi ser det stor.

Ifølge søknad ble tomta frådelt i 1987 og Fylkesmannen i Hordaland skal då ha vurdert at frådeling av nausttomta ikkje var til vesentleg ulempe for allmenne friluftsinteresser og at det heller ikkje låg føre andre offentlege eller private interesser som talte imot frådeling. 1987 er lenge sidan og strandsoneforvaltinga har verte vesentleg innskjerpa sidan då. Fylkesmannen i Vestland finn ikkje å kunne legge vekt på dette no.

Fylkesmannen vurderer at strandsoneinteressene i området vil verte negativt påverka ved oppføring av nytt naust. I tillegg kan vi kan ikkje sjå at dei personlege fordelane i denne saken veg opp for dei negativet verknadane for verdiane i strandsona.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon for naust i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg myndighet har uttala seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*